



Leikanger barneskule  
[www.leikanger-barneskule.no](http://www.leikanger-barneskule.no)  
Telefon adm.: 576 52 613  
Telefon SFO: 99 57 88 58



## Vekeplan for 2. steg veke 19 - 17.mai

		MÅNDAG 8/5	TYS DAG 9/5		ONSDAG 10/5	TORSDAG 11/5	FREDAG 12/5
1	08.50 09.35	Tema	Grøn gruppe har symjing	Blå gruppe har utegym	Skulen les	Fellessamling	Uteskule i Holerunane
2	09.35 10.20		Matte	Tema	Matte	Tema	
3	10.35 11.30	Engelsk	Tema		Tema	Norsk	
4	12.00 12.45	Matte	Norsk		Norsk	Engelsk	
5	12.45 13.30	Norsk	K&H			Matte	
6	13.45 14.30						



**UTESKULE:**  
I sekken treng du niste,  
drikke, sitjeunderlag og  
byteklede.  
**Kle deg etter været!**

### Vekelekre:

**Norsk leselekre:** Les høgt saman med ein vaksen i den sjølvvalte boka di. Det er lurt å lese litt kvar dag, om lag 15 minutt kan vere passeleg. Du skal anten lese i ei bok du har lånt på biblioteket på skulen, eller så kan du lese i ei bok du har sjølv heime. Viss du har lånt bok på skulen, må du hugse å ta den med deg til skulen att når du har lese boka ferdig, slik at du kan låne ny bok.

**Songtekst:** Me har starta med å øve til songsamling og sommarkonsert. 2.steg skal synge «Småkryp». Det er fint om de øver på songteksten heime! De finn teksten i lesemappane. Lenka til songen finn de her; <https://www.youtube.com/watch?v=wMpjseZUrMI>

### Norsk øveord:

mai  
småkryp  
viktig  
forsiktig  
trygg

### Matematikk øveord:

peng  
veksel  
seddel  
mynt  
kroner

### English:

hippo – flodhest  
zoo – dyrehage  
animals- dyr  
spotted – prikk,  
striped- stripa  
tall – høg  
short- lav

Andrea Turhus Raaen  
[andrea.turhus.raaen@sogndal.kommune.no](mailto:andrea.turhus.raaen@sogndal.kommune.no)  
Tlf. jobb:  
Mobil: 91582896

Mari Fykse  
[mari.fykse@sogndal.kommune.no](mailto:mari.fykse@sogndal.kommune.no)  
Tlf. jobb:  
Mobil: 97137337



Leikanger barneskule  
[www.leikanger-barneskule.no](http://www.leikanger-barneskule.no)  
Telefon adm.: 576 52 613  
Telefon SFO: 99 57 88 58



	<b>Dette arbeider me med denne veka</b>
<b>Norsk</b>	Høgfrequente ord, leseforståing og skildringar i skriftlege tekstar
<b>Matematikk</b>	Kjøp og sal; verdi av peng
<b>Engelsk</b>	A day at the zoo
<b>Kroppsøving</b>	Symjing/rørsleaktivitetar med og utan ball. Friluftsliv på uteskule
<b>Tema</b>	I veke 17-22 arbeider me med temaet Miljøet vårt og Gjenbruk i faga naturfag, samfunnsfag, KRLE og Kunst og handverk.

## Meldingar

### Foreldresamtalar

Me vil takke for fine utviklingssamtalar dei siste vekene. Det har vore både nyttig og kjekt for oss å snakke med 2.klassingane og foreldra saman!

Noko er det fleire av dykk som seier noko om. Me vel difor å skrive litt om det her slik at alle vert orientert likt:

### Leik i friminuttet

Elevane på andresteg oppheld seg og leikar ulike plassar på uteområdet på skulen i friminutta og på sfo. Klatrejungelen, dissene, plassen utanfor hovudinngangen, sandkassene, slåball-/kanonballbana og på/ved kunstgrasbana er stader som går att for mange. Det er og nokre av andreklassingane som går saman og snakkar i friminutta. På uteskule ser me at alle har nokon å leike med, og me vaksne tykkjer framleis at klassen er flinke til å leike i lag når dei vel leiking framfor snakking.

Den siste tida har me både sett og høyrte at om lag halvparten av elevane på steget leikar ein leik som heiter «Among us» i friminutta. Elevane fortel at det er ein leik som tek utgangspunkt i eit spel som ein spelar på nettbrett eller PC. Nokre elevar spelar spelet heime eller når dei er på besøk og veit difor mykje om kva spelet/leiken går ut på. Andre har ikkje spelt spelet, men er med på leiken utan å vite heilt korleis spelet fungerer. Ein del andre andreklassingar kjenner verken til spelet eller leiken og tykkjer difor at det er vanskeleg å vera med på leiken. Etter å ha lese om spelet forstår me at det er eit spel der mange kan spele saman. Nokon er «bedragarar» og andre er «mannskap». Bedragarane si oppgåve er å sabotere oppgåver, drepe mannskap og ikkje bli avslørt. Slik vi har forstått det leikar elevane leiken på ein litt annan måte her på skulen. Det kan likevel vere fint å snakke med borna om denne leiken heime, og om det å leike leikar eller spel som involverer dreping. Me tykkjer og det er fint om de snakkar om det at nokon leikar som ein stor del av elevgruppa ikkje føler at dei er ein del av. Det er noko me også snakkar med elevane om med jamne mellomrom på skulen.

**Me ynskjer dykk ei fin veke!**  
**Andrea og Mari**

Andrea Turhus Raaen  
[andrea.turhus.raaen@sogndal.kommune.no](mailto:andrea.turhus.raaen@sogndal.kommune.no)  
Tlf. jobb:  
Mobil: 91582896

Mari Fykse  
[mari.fykse@sogndal.kommune.no](mailto:mari.fykse@sogndal.kommune.no)  
Tlf. jobb:  
Mobil: 97137337